

*Heimen 1/1989*

## FAGET OG FOLKET

### ULYKKELIG KJÆRLEIK OG ØDELEGGANDE KRANGEL

*Av Ingar Kaldal*

Redaksjonen i Heimen har fått svar fra Bjørn R. Krogstad på omtalen min av bygdeboka hans for Meråker, og ser det som eit høve til å få i gang igjen diskusjonen om lokalhistorie på «lokalsamfunnets premisser». Sidan eg har vore mye opptatt av korleis historiefaget kan vera til gagn for folket, vil eg nytte sjansen til å gjera nærrare greie for kva eg meiner om det. Når det gjeld den gamle lokalhistoriedebatten, er det ikkje lett å tilføre den så mye nytt etter at Kåre Lunden har sett den på plass<sup>1</sup>. Men Krogstad sitt innlegg viser at støvet kan ha lagt seg alt for tjukt over gamle oppfatningar, så det er kanskje på tide å ruske litt i dei. Eg vil difor ta for meg programmet om «lokalsamfunnets premisser» og sjå kva eg kan meine om det punkt for punkt. Det hovudpoenget eg vil prøve å få fram, er at dei same «premissane» i grunntræk bør gjelde *all* historieskriving, og at motsetningane mellom riks- og lokalhistorie, og fag og amatør, er ein kamp mellom papirfiendar. Men først må eg minne om kva eg eigentlig skrev om Meråkerboka.

*Det folkelige blir ikkje pedagogikk av seg sjøl*  
Eg såg boka som «*eit monument over folkelig lyrikk og forteljekunst*», og ei bok som «*heidrar 'folk flest' og det daglege strevet deira*». Her baud «*fleire skildringar på innleving av beste sort*». Her var «*eigne beretningar, intervju, personportrett osv*» som hadde «*sin eigen verdi*». Kanskje er det eit poeng for Krogstad at eg i staden for å skrive at boka var «*rikt illustrert med bilder og teikningar*», burde ha sagt «*325*» illustrasjonar. Elles skulle han ikkje etter mi omtale ha trengt å liste opp sjøl kva som var med i boka av slike (sjå Heimen 4/1988 s.223–224). Vidare såg eg boka «*som eit steg i positiv retning for bygdeboklitteraturen*», bort frå bøker som hyller dei store menn i bygda. «*Trulig er det få bygdebøker som går så djupt ned i folkelivet, og får elles tause grupper i tale, som denne boka*», skreiv eg til slutt. Den som les dette (i Heimen 2/1988), vil skjønne at eg ikkje har kritisert boka for å vera «folkelige». Tvert imot.

Innvendinga mi gjekk på at forteljinga var for «*springande*», og «*usamanhengande*», at

ho mangla «*tråd*». I og med at forfattaren sette seg som mål å gi bygdefolket «*større bevissthet om seg sjøl*», meinte eg det burde vore reist fleire spennande spørsmål som lesaren kunne fått svar på. Når eg påsto at det best kunne gjerast som «*faglig skikkelig historieskriving*», var poenget nettopp at *det ikkje står i motsetning til det å skrive folkelig*, slik Krogstad framstiller det. Eg har ikkje etterlyst akademisk språk, framord eller lange innvikla teoriutgreiingar. Tvert om påsto eg at «*eit minimum av analyse, drøfting og resonnement omkring samanhengar, mønster og liner som viser korleis dei ulike delane heng i hop, utan problem (kan) gjennomførast i eit quart bygdefolk sin eigen språkdrakt*». Det er dette som er pedagogikk. Men Krogstad kan ikkje ha skjønt at det var *pedagogikken i faget* heile kritikken min dreidde seg om, når han kan påstå at «Kaldal kommenterer ikkje den pedagogiske sida ved boka».

Like überørt av det eg sa om å skrive i folket sin eigen språkdrakt, snakker han også om at han ville dempe ned det «*formelt drøftende*», og ikkje «*plage*» folk med «*anmasende* drøf-

tinger». Kven har sagt at drøftingar må vera *slik*? På denne måten overvurderer han både kva som krevst av språk og vanskeligheitsgrad for å få fram eit *minimum* av historiske samanhengar, og han undervurderer det sunne folketet si interesse og forståing for anna enn korte og dramatiske forteljingar. Det er interessanta for å lære noe nytt, bl.a. om korleis ting heng saman, som er grunnlaget for all pedagogikk.

#### *Frå «den veltråkka faghistoriske løypa» tilbake til «folket»*

Innlegget til Krogstad består av ei endelaus rekke navn på ein fiende han læst slåss mot: universitetshistorie, forståelse, amanuensen, det forstandsmessige, kritikerkorpset, utsiktspunktet Trondheim/Dragvoll og «de største byene», som «med naturnødvendighet» får ein til å sjå ei «storrhending i Meråker» som «en uviktig detalj». Mot desse styggedommane set han seg som forsvarar av bygdehistorie, følelser, amatøren, det folkelige og «barfothistorie». Konklusjonen hans kan lesast slik: Kritikken mot Meråkerboka bommer *fordi* den «for det første» kjem frå Trondheim/Dragvoll (der universitetet ligg), «for det andre» frå universitetet, «for det tredje» frå ein faghistorikar (som held til på universitetet). (Har du sett tryllekunstnaren som kan telje opp den eine hundrelappen etter

den andre utan at han har hatt meir enn éin?)

Dette kjem frå ein høgt utdanna historikar. For det er Krogstad. Med historie hovudfag frå universitetet har han sjøl «tråkka» den «faghistoriske løypa» så langt som det nes ten går an her i landet, til embeteksamen av høgare grad. Kvifor kjem eit så sterkt oppgjer med faghistorie og universitet nettopp frå han? Det er greit nok å ville «bort frå det lærde standet», som Jakob Sande sa. Men for det treng ein vel ikkje komme til at det bondevetet som ein vender heim til, ikkje egnar seg til eit minimum av refleksjon omkring korleis historia heng saman. Sjøl om det er usaklig, må ein ha lov til å spørre seg om det kan ha noe å gjera med at bygdeguten som har vore i storbyen og vorte lærde, føler han må ta i ekstra sterkt mot akademikarar (altså dei andre) når han vender tilbake. Fleire vil kjenne att den trøgen. Og det er vel neppe lettare å bli bygdebokprofet enn noen annan slags profet i eiga heimbygd.

Kva slag folk er det så som arbeider med historie på universitetet, og som i følge Krogstad «med naturnødvendighet» ikkje skjønner seg bygdesamfunna? Jau, her finst bygdefolk i massevis. Sjøl både bur eg i ei bygd og kjem eg frå ei bygd. Eg hadde til og med første delen av barndommen min i ei grend kor det ikkje vart lagt inn elektrisk strøm før omkring 1960. Det skulle kanskje kvalifisere godt? Viss ikkje

vilkåret for å ha meininger om ei bygdebok er at ein med hud og hår hører heime i den bygda boka handlar om? Nei, alvorlig tala: eg kan ikkje sjå at verken det å vera «innfødt meråkerbygg» med sans for «artige originaler», eller talglys og petromaks som belysning i barndommen påverkar opplysningsnivået og historieforståinga avgjerande. Det er ikkje det det står om. La oss no sjå kor det Krogstad står for hører heime i den *faglige* debatten.

#### *«Lokalsamfunnets premisser» og ideologisk avkok*

Noe konstruktivt utgangspunkt for den diskusjonen er innlegget hans langt i frå. Det øver heller ikkje på noen måte rettferd mot forslaget til Jørn Sandnes frå 1974 om å skrive lokalhistoria på «lokalsamfunnets premisser». Dét var betre begrunna. Dessutan er det viktig å hugse at han formulerte programmet i ei tid kor det var særstakt viktig å markere lokalsamfunna og utkantane mot sentrum. For Sandnes var det eit poeng at lokalhistoria hadde *sin eigen verdi*, at ho ikkje måtte vera underordna rikshistoria, som enno i 1974 kunne sei ast å vera skrive meir som snever politisk historie enn i dag. Programmet må forståast ut frå situasjonen, både i politikken og i historiefaget. Men kva innebar «premissene» konkret for historikaren? Ein del av det Krogstad meiner, illustrerer kva det kan ha ført til at

«lokalsamfunnets premisser» ikkje fekk noe heilt klår utleggning og grunngjeng som konkret rettesnor for historieskrivinga. I staden etterlet trulig diskusjonen seg eit spelrom for dei som seinare ville lage ideologiske avkok mot faghistorie og universitetsstyggedom.

Dei krava Jørn Sandnes i 1974 reiste til lokalhistoria, var at ho skulle 1. springe ut av «lokalsamfunnets interesser og behov», 2. vera sett i gang av lokalsamfunn (by, bygd, distrikt), eller av noen «med sin identitet i det». Metoden skulle 3. vera *individualisende* (altså ikkje gå ut på å finne generelle teoriar) og 4. gå ut på «*identifikasjon* med rot i umiddelbar lokalkunnskap». Det er ikkje rett verken å beskydde (eventuelt rose) Krogstad for å ha skrive etter dette «programmet», eller å gi Sandnes skylda for det Krogstad måtte meine. Men sjøl om Krogstad ikkje bruker begrepet «lokalsamfunnets premisser», aner vi ein etterklang av programmet når Krogstad slær til krigsdans på den lokale stammetromma. Tønane er ikkje reine, men takten tyder på ei viss tilknyting til eit opphav.

Men det er også mye i det Sandnes sa både i 1974 og når han har nyansert seg seinare<sup>2</sup>, som burde lært Krogstad ein annan melodi. For det første gjekk hovudskiljet for Sandnes mellom lokal- og rikshistorie, ikkje mellom fag og amatør. At lokalhistoria hadde eigenverdi, sto ikkje i motsetning til å skrive skikkelig faghistorie.

Tvert imot stilte han krav om *faglig skolering* i «slikt som kildekritikk og teoridannelse». Han snakka om «lokalhistoriens forskningsresultater» (mine uthevingar). Og *forsking* kan ikkje gå ut på anna enn å gi best mulig begrunna svar på spørsmål om kvifor og korleis i historia.

#### «Interesser og behov»

I «Håndbok for lokalhistorie» frå 1983, viste Sandnes også at han var klar over det problematiske i begrepet «lokalsamfunnets behov og interesser». Men utan at han ga noe klåra svar enn før<sup>3</sup>. Eg kan tenkje meg kva problem eg ville fått om eg skulle skrive lokalhistorie på heimbygda mi sine «premissar», for ikkje å seie kva for «interesser og behov» eg ville møtt om eg spurte folk kva tema eg burde skrive om. Skulle eg ha skrive mye om kvifor elektrisiteten kom så mye seinare enn andre stader til «talglysgrenda», som ho óg vart kalla på skøy. Eller om at melkeruta også kom seint og at det fanst storbønder som tvilte på at «småhakkaran» lenger oppi grenda hadde melk nok å leve? Ein treng slett ikkje tilbake til husmannstida for å finne at lokalsamfunnet sine interesser er fleire og motstridande. Bak begrepet «lokalsamfunnets premisser» synest eg å ane ein trong til å slette over det. Politikken kjem likevel tydelig fram når det at husmennene ofte er vorte forsømt i bygdebøkene, blir unnskyldt med at forfattarane

har mangla kjelder<sup>4</sup>. Kvifor skulle det i så fall bli lettare å skrive om husmennene da dei fleste av dei var døydd bort og ikkje kunne fortelje sjøl korleis dei hadde det? Det kjem sjøl sagt av at dei *politiske* haldningane om kva grupper det er viktig å skrive om, er forandra. At forfattarane ikkje skal ha gjort slikt «med overlegg», viser berre kor lite dei skjønte av at det var politikk i det dei dreiv med, kanskje fordi dei óg var oppdregne til å slette over.

Eit felt kor riks- og lokalhistoria lett kolliderte, var i følge Sandnes valg av tema å skrive om. Det kan vera noe i at rikshistoria som forbilde kan ha ført til at bygdebøker er vorte skorne for mye etter ein lest. Men er det helst faghistorikarar som har gjort den feilen? Kvifor står det f.eks. mye om Eidsvollsmenn i bygdebøkene? Er det fordi faghistorikarar/rikshistorikarar har vald tema på *sine* premissar, eller er det fordi også amatørar og lokalhistorikarar med sterkt identitet i bygda kan ha sett det i «lokalsamfunnets interesser og behov» å få fram kva bragder bygdas søner har gjort på riksarenaen?

Når det gjeld valg av tema, er elles dei fleste også blant faghistorikarane einige om at det i *all* historieforskning godt kan ligge utanfor sjølvé faget å begrunne kva det er viktig å forske om. Ja mange vil seie at det *bør* vera begrunna med kva ein finn fruktbart å lære meir om ut frå den tida og det samfunnet ein lever i. Eg ser ingen grunn til å gjera det til noe sær-

skildt problem i *lokalhistoria*. Der som i anna historielitteratur lærer vi ofte mest når det blir skrive om tema ein aldri før har tenkt på<sup>5</sup>.

Eg har sjøl sysla ein del med arbeidarrørsla. Kva om det skulle settast opp som eit prinsipielt krav at arbeidarrørsla si historie skulle skrivast på «rørsla sine eigne premissar»? Kva ville lesarane da få vite om maktsentralisering og ideologisk strid? Viss ikkje meiningsa er å gi lokalhistoria framfor all anna historieskriving ei heilt særeigen førehandsfritaking frå å bli stilt under kritisk lys, må det same gjelde alle. Da kan vi altså få historiebøker om arbeidarrørsla kor forfattaren seier at kom ikkje her, eg kjenner partikårkaillane, og veit kva dei vil ha. Drøftingar om kvifor dei styrte partiet sitt hit eller dit, eller kvifor partiet vann eller tapte valga, er dei *ikkje* interesserte i, dessutan kan det bli akademisk og teoretisk, så det kan eg ikkje gje.

Sjølsagt må *alle* kunne skrive bøker om akkurat det dei vil, og korleis dei vil. Det gjeld både lokalpatrioten og partiveteranen. Men foreløpig bør berre profetane, om noen, ha monopol på Den Heilage Skrifta. Også når politikaren skriv boka om «slik eg såg det», er det både lovlig og nytig at han gjer det. Og ingen bør seie noe på at han gjer det ut frå sine eigne premissar og behov. Men ingen er tjent med at boka hans skal fredast mot kritikk og etterprøving, eller førehandstilde last ein prinsipielt lik status med all anna his-

torieskriving. Og om ein faghistorikar vil skrive om same tema, har han plikt til å forholde seg kritisk og spørrande til korleis det eigentlig gjekk til, ikkje berre gjengi alle dei artige og dramatiske hendingane, og kalle det «pedagogikk» fordi han får mange til å lesa det.

### Identifikasjon

Kva så med kravet om identifikasjon med den bygda og det folket ein skriv om? Viss det betyr at ein så langt som råd bør leve seg inn i korleis folk tenkte og handla, støtter eg det. Noen faghistorikarar ser i slik innleving ein fare for at historikaren skal bli fanga i fortidsmenneska sine tankar, og berre komme til å gi uttrykk for dei. Eg hører til dei som heller ser evnen til slik innleving som eit viktig hjelpemiddel i *all* historieskriving, og slett ikkje mindre i den streng vitenskapelige forskninga enn i lokalhistoria.

Det kan bety å spørre seg kvifor ein bedriftsleiar stikk imot det vanlige både let sosialistagitatoren få husly når han kom for å stifte fagforeining, og kvifor han godtok fagforeininga. Kven var direktøren, kva miljø kom han frå, kva kan han ha visst om fagforeiningar, kva grunnar kan han ha hatt til å gje slik? Viss identifikasjon betyr å leve seg inn i det folk har gjort for å finne kva grunnar, motiv, alternativ og muligheter dei handla ut i frå, treng ikkje det føre til noe forsvar for måten dei handla på. Kanskje ein tvert i

mot på den måten kan komme grunnane til å handle som dei gjorde, såpass inn på livet at leseren kan ta stilling sjøl både til årsaker og til rett og gale. Viss identifikasjon betyr ei innleving som set lesaren i stand til dét, kan det føre til *kritisk* historieskriving. Og det bør både riks- og lokalhistorikaren prøve på. Viss identifikasjon derimot betyr at den som skriv, skal gjera normane til ei gruppe eller ei bygd til sine, og lage forsvarsskrift for dei, vil det berre gi lesarane enda sterke tru på det dei alltid har meint. Til det treng vi ikkje historiebøker.

### Individualiserande metode

Identitet kan også bety at lokalhistoria skal styrke bygdefolket si kjensle av å «høre til» ein stad, at dei skal lære om kva som er særeige for bygda si. Det må vera dette som ligg bak kravet om å skrive lokalhistoria etter ein individualiserande metode, dvs slik at det lokale sjølstyret i bygda ikkje skal skildrast for å belyse ein generell teori om sjølstyret i Norge (det ville vore generalisende metode), men for å skjønne meir av vår eiga bygd. Det er greit, men kva betyr det for lokalhistoria som det ikkje vil bety for all historiefortsæting? Og omvent, er ikkje blikket mot det generelle og behovet for teori minst like viktig for å sjå samanhengar og mønster i det mangfoldige livet i lokalsamfunnet, som for det (einfoldige?) i rikspolitiken?

Viss målet er å forstå meir av si eiga bygd, kan det også ofte best gjerast ved å fortelje leseren kva som i hans bygd var likt og ulikt i andre bygder. Sandnes har sjøl understreka kor viktig det er<sup>6</sup>. Som Edvard Bull har sagt, så inneheld lokalhistoria kanskje fleir generelle, ja til og med internasjonalt almene tema enn historia om eit norsk regjeringsskifte (kva er meir lokalt eller provinsielt enn det?). Kva kan betre gi bonden identitet og forståing av det særeigne i hans eige tilvære, enn å lære å sjå sitt liv i samanheng med bønder andre stader og til andre tider. Ein identitet som ikkje bygger på samanhengar og vidsyn, fører berre til navlebeskuинг.

#### *Språk, framstillingsform og vanskeligheitsgrad*

Det som kanskje til sjuande og sist blir ståande att av programmet om «lokalsamfunnets premisser», utan å bli enten eit sjølsagt krav til all historieskriving, eller eit urealistisk krav om særbehandling av lokalhistoria, er kravet om å skrive slik at dei ein skriv for, forstår det. Det går på språk, men også mye anna.

Når punktanalysar, kor eit lokalsamfunn blir studert for å få svar på meir generelle spørsmål, nærmast pr definisjon er vorte forvist frå lokalhistorieselskapet, kjem det trulig av at resultata frå slike analysar alt for ofte er vorte presentert i ei utilgjengelig *form*, i forskningsrapportar og tunge

artiklar med framandt språk og vanskelige tabellar. Det at *tema* går ut på å samanlikne forhold i bygda med andre bygder, og med almene teoriar om emnet, bør i alle fall ikkje tilseie at ein på førehand skal velje å fortelje om det berre til fagfellar. Forståelig og godt fortald, bør i prinsippet det meste *kunne* bli spennande og interessant for dei fleste, sjølsagt utan at *alt må* bli det.

Sjølsagt kan ein måtte bruke både annleis språk, større omfang, og meir kompliserte utgreiingar når ein skriv om eit historisk emne for fagfellar, enn i ei historiebok for folket i ei bygd. *Det* trur eg ikkje noen vil benekte. Og det går som sagt på meir enn språk. Ein kan skrive i eit vanskelig språk om dei enklaste emna, og ein kan skrive i eit lett språk om noe som er innfløkt å forstå i seg sjøl. Og om det aller meste går det an å skrive meir eller mindre teoretisk og abstrakt.

Sjøl om det ut frå dette bør skrivast mange ulike slags historielitteratur, kan ein sjå også dette problemet som i grunntrekk det same i all historieskriving: All formidling går ut på at ein som veit meir om eit emne, fortel om det til ein som sannsynligvis veit mindre om det. Det gjeld i prinsippet både bygdehistorikaren og forskaren som skal fortelje fagfeliane kva han har funne ut. Også ein forskar i f.eks. økonomisk historie som skal fortelje forskarane i andre delar av fagmiljøet kva han har funne ut, kan han akkurat som bygdebokfattaren trenge eit

«arsenal av pedagogiske virkemiddel», kanskje både illustrerande bilder og anekdotar. Og han bør kanskje legge att noe av spesialterminologien sin heime, eller forklare orda først.

For å lykkast i å lære bort noe nytt, må altså språk, illustrasjonar, omfang og vanskeligheitsgrad veljast rett i forhold til både tema og leserar. Det er pedagogikk. Og ingen er så lerd at ein er heva over pedagogikken når ein skal lære noe nytt.

At mange synder mot pedagogikken, er ei anna sak. Sjøl har eg vore ute i meir enn ein diskusjon for å overtide fagfellar om kor viktig det er å føre kunnskap om historia ut til flest mulig på ein forståelig måte. Eg har også alt for ofte vore borti fagfolk som ikkje har skydd noe når det gjeld å fortelje om det dei veit i sitt eige spesialspråk, utan hensyn til kva begrep og teoriar som er kjende for dei som hører på. Slikt er maktsspråk og kan føre til like mye herre-knekt-forhold mellom fagfolk, som mellom lerd og ulerd (den siste treng kanskje ikkje ein gong føle seg så skamfull over ikke å forstå, som ein fagskolert som kanskje sit at med skamma over at dette burde han skjonne).

Når det gjeld formidlingsform og språk syns eg det også egnar seg dårlig som som skyts mot riks- og faghistorikarar. For det første vil eg gjerne sjå den som kan vise meg det universitetsfaget som har produsert fleire bøker for folk flest enn nettopp historie. Da

reknar eg sjølsagt med alle dei faghistorikarane som har skrive det eine bindsterke verket etter det andre i norgeshistorie, verdshistorie, kulturhistorie, krigshistorie, arbeidarrørsla si historie, partihistorier, organisasjonshistorier, bedriftshistorier, og ikkje minst lokalhistorie. Ein haug med litteratur skrive i stor grad av dei universitets- og faghistorikarane Krogstad har så lite tiltru til. Blir ikkje dette lese av folk, trur eg det sjeldan kjem av vanskelig språk, «anmasende drøftinger» eller mangel på bildar og god forteljing.

Finn ein så berre enkelt og folkelig språk hos lokalhistorikarane? Som regel er det mye glitrande god forteljarkunst der som i mange andre historiebøker. Men av og til kan faktisk den utbreidde lokalhistoriske lysta på detaljar, datoar og det perfekt gjengitte sitatet frå eldgamalt og tungt forståelig språk, gjer tekstane like tunge og uframkommelige som ei avhandling i sosiologi. Eg har sjøl vore med og laga lokalhistorisk juleblad, og opplevd å vera faghistorikaren som gav etter for ønsket frå lokalhistorikaren om å få ha med arkivnummer på alle gjenstandar i ein artikkel om fornminner.

#### *Er drøfting av problem og samanhengar ufolkelig i seg sjøl?*

Eg tviler ikkje på at mange har eit forhold til «gammeltida» som er prega av «lødige fortel-

linger knytta til folk flests dagligliv», som Krogstad seier. Og eg skrytte av at han skreiv så mye om det. Eg har sjøl teke til orde for dagligliv som eit perspektiv som kanskje kan gi oss ny innsikt i historia<sup>7</sup>. Men skal det bli fruktbart for historieforståinga, må dei ulike bitane av små og nære opplevingar i dagliglivet tolkast og analyserast for å få fram samanhengar og mønster. Viss ikkje kan dagliglivshistorie bli ein tilfluktsstad for dei som i historia ikkje finn anna enn råstoff for underhaldning og romantikk.

Men resonnement og drøftingar omkring samanhengar i historia, om kvifor og korleis det og det vart til i deira eiga bygd og i deira eige dagligliv, det skulle altså ikkje vanlige mennesker vera mottakelige for? Eg trur få vil vegre seg mot å vera med på slike drøftingar, viss det blir gjort i eit språk og ei form dei forstår. Og det har eg heile tida sett som vilkår. Sett på spissen kan eit forbilde kanskje vera ein Derrick-episode kor ein i ro og mak får vera med og finne ut kva som eigentlig hadde skjedd. Der trengst verken kappkjøring med bil eller «artige originaler» for å få folk til å følge med (er historikaren flink, kan spenninga komme på nivå med ei kva som helst Bjørn(e)-historie). Og viktigast av alt: lesarane får kanskje vera med og finne ut noe nytt om kvifor og korleis deira eiga bygd vart slik ho vart. Ofte er også svara i den histo-

ria like overraskande som slutten på ein Derrick-episode.

#### *«Tradisjoner fra de døde slektsledd rir de levendes hjerner som en mare»*

På ei av dei første sidene i Mørakerboka står dette sitatet av franskmannen Michael Foucault, ein av dei filosofane ein kan prøve å lese, men som er minst «folkelig» å forstå. Rett nok har Krogstad funne eit enkelt sitat. Og det egner seg til å gi lesaren eit håp om at i boka hans skal tradisjonane behandlast slik at ein hindrar slike tradisjonsmareritt. Men da må ikkje bygdebokfakkaren stritte mot å ta lesaren med på resonnement og drøfting omkring samanhengar, for det må til om ein vil skape eit nyansert og bevisst forhold til tradisjonane. Og viss det er slik at fortida hersker slik over «de levendes hjerner», er det ei dårlig løysing å spørre kva bygdefolket vil ha ut frå kva dei synest er viktig frå før (ut frå tradisjonen). Da bør historikaren heller prøve ut nye tema, innfallsvinklar og tolkingar, og drøfte dei så spennande at lesaren blir interessert. Enda ein gong: Det er *det* som er pedagogikk. Den læraren som skryter av kor mange krumsspring og verkemiddel han kan for å få elevane til å høre etter, og samtidig seier at ungane ikkje er modne til å ta imot lærdom i form av resonnement omkring samanhengar, han vil eg ikkje skal undervise ungane mine.

I dag er eg visst heilt vrang, for også dette Foucault-sitatet vil eg snu på: Kva slags tradisjonar er det så som rir hjernane til nolevande lokalhistorikarar?

For det første forestillinga om at faglig skikkelig behandling av problem, teoriar og samanhengar i historia må framstillast vanskelig. At drøftingar må vera «formelle», «anmasende» og ei «plage», kan ikkje vera anna enn ei «mare» i ein bygdebokforsattar sitt hovud, bygd på eit visst tradisjonelt syn på kva som er intellektuell kunnskap. Den maren hindrar han i å sjå kor godt folket sitt eige språk ofte kan brukast like godt som noe anna språk til å drøfte sjøl nokså innvikla samanhengar i historia.

Ei anna mare frå tradisjonane er det når lokalhistorikarar enno tek det alvorlig og oppfatar det som «ovanfrå» at ein og annan rikshistorikar snakker negativt om lokalhistorie. Ei slik kjensle må komme av at ein også sjøl heng fast i ei avlegs oppfatning av kva som er opp og ned innan historieskrivinga. Såframt det er skikkelig skrive og godt underbygd historie, er det i dag ingen grunn til sjå som «høgare» enn lokalhistorie det som handlar om rikspolitikk, det som blir uttrykt i eit vanskelig språk, og det som er skrive for «høge» personar med lang skolegang. Vi lokalhistorikarar må ikkje legge «lista for høgt», vart det sagt på eit diskusjonsmøte om dette i Trondheim for ei stund sidan<sup>8</sup>. Eg vil tvert imot foreslå å legge lista høgt, og seie at ei

verklig høg list, det er å formidle innsikt i samanhengar i historia til flest mulig, både «småbrukerkjerringer, kårkaller og ovnhusarbeidere» og kommuneingeniøren, legen og læraren. Å skrive så ingenøren forstår, men ikkje arbeideren, kan ikkje vera noe «høgt» mål. Sjøl om ingenørar er flinkare til å lesa tabellar og framord, har eg aldri fått inntrykk av at dei har lettare enn kven som helst andre for å forstå samanhengar i historie og samfunn. Språklig vil eg sjå det som ei høgare «list» å hoppe etter, å skrive godt og forståelig norsk, enn å uttrykke seg i fagtermar – sjøl om det siste av og til kan vera nødvendig fagfellar i mellom for å bli presist nok forstått om spesielle problem. Men også da bør ein unngå det «fagknottet»<sup>9</sup> som ofte tyder meir på usikker enn sterkt vitskaplig skolering. (Om vi fortsett med høgdehopp, kan forresten ofte det å skrive mursteinjukke avhandlingar berekna på ein snever krets av fagfellar, likne på kraftlause sprett etter milelange tilløp, og over nokså sikker list (problemet er at på andre sida av lista står gjerne eit springbrett til karrière i staden for ei sagflisgrupp).

### Konklusjon

Den faghistorikaren som skriv innsiktsfullt, godt og forståelig,

og den ærlig historieinteresserte amatøren bør ikkje lokkast ut i ein ny strid etter dei gamle skilja om korleis lokalhistoria skal sjå ut. Det kan både føre til ulykkelig kjærleik til «folket» hos faghistorikarane, når folket ikkje er historielystne nok, og til eit ødeleggande hat mot sitt eige fag. Eg håper å ha overtydd om at ingen av punkta i programmet om «lokalsamfunnets premisser» eigentlig gir noe begrunna grunnlag for motsetningar verken mellom riks- og lokalhistorie eller faget og amatøren. Tvert imot bør alle ærlig historieinteresserte samle seg om det same ønsket om av finne svar på gåtene om korleis det heile er vorte til. Alle som ser *det* som den mest grunnleggende «premiss» for all historieskriving, bør vera skeptisk til den faghistorikaren som er så forelska i alt «folklig» at han misforstår både folket og sitt eige fag. Eg er gjerne med på at samfunnet er lite tjent med den som berre bryr seg om faget, og ikkje om at noen skal forstå og lære av det han skriv. Men like lite befruktande på historieforståinga i samfunnet verkar den historieskrivinga som handlar om berre det ein på førehand trur «folket» vil ha. Den kjærleiken til historia som kan skapast på den måten, kan i beste fall bli berre kort og heftig.

#### NOTAR:

1) Heimen 1/1980 og 2/1980.

2) Bl.a. i Håndbok for lokalhistorie. Faget og metodene. 1983. Og i Heimen 3/1979.

3) Håndbok i lokalhistorie. 1983. S. 11.

4) Sandnes i Heimen 3/1979.